

---

# Antarktis: Islandet

---

## Ein presentasjon av Antarktis

### Kva er Antarktis?


Antarktis er eit kontinent som ligg heilt sør på kloden. (Dersom du prøver finne det på ein globus, vil du sjå at det ligg heilt nedst.)

Det tek opp ein tiandepart av jorda si overflate, og er dekkja med eit lag av is som kan bli meir enn 1.500 m tjukt. Sørpolen ligg midt i Antarktis.

Antarktis er det kaldaste kontinentet, og dessutan det turraste, høgaste og mest vindblåste. Svært få menneske bur der heile året. Forskarar bur der i korte periodar, og held til i spesialbygde forskingsstasjonar.

Sumaren i Antarktis er frå oktober til mars. I dette tidsrommet er det dagslys døgnet rundt.

Om vinteren, som er frå april til september, er det det motsette som skjer, og Antarktis opplever seks månader med samanhengjande mørke.




Kart over Antarktis



## Vêret i Antarktis

I Antarktis er det kaldare enn du på nokon måte kan tenkje deg, jamvel om sumaren! Sørpolen er den kaldaste delen av Antarktis. Gjennomsnittleg temperatur for januar, som er midt på sumaren, er minus 28 grader Celsius (blir skrivi slik:  $-28^{\circ}\text{C}$ ). Minus betyr at det er kaldare enn frysepunktet, som er  $0^{\circ}\text{C}$ .

Om vinteren, frå april til september, kan gjennomsnittstemperaturen på Sørpolen gå heilt ned til  $-89^{\circ}\text{C}$ . Når det er så kaldt som dette, vil ei mugge kokande vatn som blir kasta opp i lufta, fryse før ho fell ned på isen. Somme tider må vitskapsmennene bruke kjøleskåp for å halde prøvane sine varme!



## Pingvinar i Antarktis

I Antarktis er det fleire pingvinar enn nokon annan fugl.

Dei kan ikkje flyge, men brukar dei korte vengjene sine som symjeluffar. Dei er framifrå symjarar. På land vraltar dei omkring i oppreist stilling, eller flyttar seg med korte hopp.

Pingvinar har mange fjører som overlappar kvarandre. Desse, saman med ullaktige dun og eit tjukt lag med spekk, held ute kald luft, vind og vatn. For å få ekstra varme, kryp dei tett inntil kvarandre i klyngjer.

# Eit brev frå Antarktis

Sara Wheeler er ei av vitskapsfolka som arbeider i Antarktis. Ved å lese brevet hennar til nevøen, Daniel, kan du finne ut meir om opplevingane hennar i Antarktis.



Antarktis  
Fredag, 9. desember

Kjære Daniell!

Her er brevet eg lova å sende deg frå Antarktis, og eit bilete. Du kan tenkje deg kor spanande eg tykkjer det er å endeleg vere her, i fotspora til så mange berømde oppdagingsreisande. Alt er svært ulikt den verda eg er vand med.

Vi har ingen ferskvarer her – og ingen daglegvareforretningar – så vi lyt ete mykje tørka, hermetisk eller djupfrosen mat (maten treng ikkje leggjast i frysaren – ein legg han berre utanføre). Vi kokar på små gassovnar, noko som tek mykje lenger tid enn på komfyren heime. I går laga eg nudler med tomatsaus og hermetiske grønsaker. Til dessert hadde vi tørka jordbær som smakte som papp.

Eg saknar friske eple og appelsinar – eg skulle ønske du kunne sende meg nokre!

Kjærleg helsing frå Sara

## Spørsmål Antarktis: Islandet

1. Kvar finn du Antarktis på ein globus?



\_\_\_\_\_


2. Antarktis er den kaldaste staden i verda. Kva andre rekordar har Antarktis?

- A tørrast og mest skydekt
- B våtast og mest vindblåst
- C mest vindblåst og tørrast
- D mest skydekt og høgast

3. Kva er den kaldaste delen av Antarktis?



\_\_\_\_\_



4. Tenk over kva artikkelen seier om Antarktis. Gje to grunnar til at dei fleste som vitjar Antarktis, vel å **ikkje** reise dit mellom april og september.



1.

---

---



2.

---

---

5. Kvifor fortel artikkelen at “ei mugge kokande vatn som blir kasta opp i lufta, vil fryse før ho fell ned på isen”?

- A for å fortelje deg kor varmt vatnet er i Antarktis
- B for å vise deg kva dei drikk i Antarktis
- C for å fortelje deg om arbeidet til vitskapsfolka i Antarktis
- D for å vise deg kor kaldt det er i Antarktis

6. Kva fortel artikkelen at pingvinane brukar vengjene sine til?

- A å flyge
- B å symje
- C å halde ungane sine varme
- D å gå i oppreist stilling

7. Nemn **tre** måtar pingvinane har til å halde seg varme i Antarktis?

 1. \_\_\_\_\_

 2. \_\_\_\_\_

 3. \_\_\_\_\_

8. Nemn **to** ting du lærer om mat i Antarktis frå Sara sitt brev?

 1. \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

 2. \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

3  
2  
1  
0  
8  
9

2  
1  
0  
8  
9

9. Tenk litt over om du kan tenkje deg å reise til Antarktis. Bruk det du har lært både frå *Ein presentasjon av Antarktis* og frå *Eit brev frå Antarktis* for å forklare kvifor du kan tenkje deg å reise dit eller kvifor ikkje.



---

---

---

---

10. Kva avsnitt i artikkelen fortel deg om kor tjukk isen er i Antarktis?

- A Kva er Antarktis?
- B Vêret i Antarktis
- C Pingvinar i Antarktis
- D Eit brev frå Antarktis

11. I denne artikkelen er det to måtar ein kan lære om Antarktis på:

- *Ein presentasjon av Antarktis*
- *Eit brev frå Antarktis*

Kva type informasjon tykkjer du er mest interessant, og kvifor?



---

---





## **Stopp**

Slutt på denne delen av heftet.  
Du skal slutte av arbeidet no.